

Merknad til kommuneplanen – hytteområde i Kvitingen - SOTA

Naturutvalet har vedteke å ikkje ta inn «Sota-området» i det vidare arbeidet med kommuneplanen. Eg ber difor Naturutvalet om å vurdere dette på nytt ut frå ny og meir utfyllande informasjon lagt fram her:

Vedlagt merknaden er:

1. Oppsummeringskart
2. Analysekart
3. Situasjonskart/utenomhusplan
4. Orthofoto
5. Kart offentlig skitrase
6. Foto/illustrasjon solforhold

Oppsummeringskart

Dette kartet viser hovedgrep i planområdet, utbygging lokalisert til 5 delfelt, parkeringsområde, viktige høgdedrag, sti i nærområdet, 100-metersbelte fra strandsona.

Analysekart

Analyse av terreng med markering av dalføre og bratte utilgjengelige parti, utkikspunkt, undersølte områder, fremherskande vindretning, med mer.

Situasjonskart/Utenomhusplan

Viser mogleg plassering av ca 50 hytter med stiadkomst eller enkel veg hovedsakleg i, parkering og returpunkt avfall. Hyttene plasseres med vekt på terrengtilpassing og små terrenginngrep gjerne i vegetasjonsbelte og ellers slik at det blir svært liten fjernverknad eller ingen fjernverknad. Nærmere vurdering av hytteplassering og tilpassing til terreng må skje i reguleringsplan. Biladkomst via anleggsvegen til kraftstasjonen fram til parkeringsplass ved inngangen til området og ved enden av anleggsvegen.

Orthofoto

Visualisering av utenomhusplan med 3d-verknad

Offentlig skitrase

Tradisjonelt har turistløypen via Klungerdalen vært mykje brukt adkomstrute til fjellet vinterstid. Klungerdalen er svært rasutsatt og fremstår i dag som ikkje påregneleg eller tilrådeleg rute vinterstid. Med mykje nedbør og snø slik det har vore i i seinare år gjer denne passasjen farleg når den er mogleg å gå der.

Slik topografien er i Kvitingen med bratte fjell er det knapt andre egna ruter til fjells for ein skitur.

Ved etablering av dette hytteområdet -SOTA- vil det bli lagt til rette for ei ny skiløype mot aust, frå Kvitingen via Kvandalen og vidare til Flæfjellet eller Grøet og like til toppen av skianlegget i Eikedalen eller ned til Skeiskvandalen. Avstanden er 7-8 km.

Skituristar kan parkere på p-plass ved kraftstasjonen. Når Renneberget i hytteområdet er passert, åpnar terrenget seg i fleire retningar, t.d. innover i Sotabotn og mot Røyrfjellet.

Foto

Foto fra fylkesvegen ved Kvitingsvatnet mot hytteområdet. Illustrerer fjernverknad.

Fra Fylkesvegen der området sør for Renneberget er eksponert er det lang avstand ca 500 m, slik at mogleg inngrep eller hytter vil berre i liten bli synleg eller ikkje synleg. Vegetasjonsbeltet og kvar tomt sin topografi samt materialvalg og fargevalg er tilgjengelege verkemiddel for å oppnå svært liten eller ingen fjernverknad.

Foto fra anleggsvegen inn til kraftstasjonen /parkeringsområdet.

Bilete viser den eksisterande vegen som blir adkomstveg for bil. Vegstykket frå enden av fylkesvegen ved bru i Kvitingen inn til p-plass for hytteområdet er tenkt å inngå i framtidig reguleringsplan.

Illustrasjon solforhold

Kart som skjematisk viser solforhold i Kvitingen i mars eller ved påsketider kl 17. Dette viser typisk at Kvitingen ligg i skugge. Eit nytt hytteområde må leggjast der det er egna og gode solforhold slik det er ved Renneberget/SOTA.

Foto solforhold

Foto tatt fra anleggsvegen ved inngangen feltet mot Gråfjellet. Gråfjellet kaster skugge over Kvitingen og Bergsnipa.

Foto solforhold

Foto tatt frå Åsen sør for Kvitingsvatnet kl 17 medio mars. Dette viser Renneberget og Sotabotnhjellande er soleksponert medan Kvitingen ellers ligg i skugge.

